

Møteprotokoll

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset, Sandsli
Dato:	09.12.2021
Tid:	09:05-13:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF (gjekk kl 13:05)
Gunnvor Riim Opedal	Medlem	PF
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	LOP
Martin Monrad Reigstad	Medlem	PF
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	PF
Harald Kåre Ekroll	Leiar	POSTPEN
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	ØER

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kristoffer Skjolden	Medlem	PF

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Aud Karin Hestenes Netland	Kristoffer Skjolden	UTD.FORB.

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Lotte Karoline Lynngård	Møtesekretær / rådgjevar politisk sekretariat
Pål Kleive	Seniorrådgjevar økonomi og organisasjon
Tom Arne Steinstad	Leiar innsikt og løysingar, mobilitet og kollektivtransport, Skyss
Monica Åsnes	Førstekonsulent stab og forvaltning, mobilitet og kollektivtransport
Jannicke Nesøy	Førstekonsulent stab og forvaltning, mobilitet og kollektivtransport

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 15/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 17.11.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 69/21	Førebels rekneskap for fylkeseldrerådet 2021	2020/77154	
RS 70/21	Gjennomgang av møteplan for 2022	2020/77154	
RS 71/21	Referat frå regionsmøtet for eldreråd i Luster	2020/77154	
RS 72/21	Referat frå møte i brukertvalet Haraldsplass Diakonale Sjukehus 4. oktober 2021	2020/77154	
RS 73/21	Opning av Aksjonscenteret i Øygarden 01.12.21	2020/77154	
RS 74/21	Den kulturelle spaserstokken	2020/77154	
RS 75/21	Kulturkonferansen i Førde 18.11.2021 - oppsummering	2020/77154	
	Politiske saker		
PS 37/21	Uttale frå medverknadsorgana - Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21	2020/77154	
PS 38/21	Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana	2021/51620	
PS 39/21	Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering	2020/77154	
PS 40/21	Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 regional plan for innovasjon og næringsutvikling	2020/77154	

Godkjenningssaker

GK 15/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknadar.

GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 17.11.21
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

Møteprotokollen vart godkjend utan merknadar.

Referatsaker

RS 69/21 Førebels rekneskap for fylkeseldrerådet 2021
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 69/21 vart referert.

RS 70/21 Gjennomgang av møteplan for 2022
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 70/21 vart referert.

RS 71/21 Referat frå regionsmøtet for eldreråd i Luster
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 71/21 vart referert.

**RS 72/21 Referat frå møte i brukerutvalet Haraldsplass Diakonale Sjukehus
4. oktober 2021**
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 72/21 vart referert.

RS 73/21 Opning av Aksjonssenteret i Øygarden 01.12.21
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 73/21 vart referert.

RS 74/21 Den kulturelle spaserstokken
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 74/21 vart referert.

RS 75/21 Kulturkonferansen i Førde 18.11.2021 - oppsummering
Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

RS 75/21 vart referert.

Politiske saker

PS 37/21 Uttale frå medverknadsorgana - Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21

Forslag til innstilling/vedtak

Rådet gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet har gått gjennom budsjettet for 2022 og økonomiplanen 2022 - 2025 og vil gje slik uttale.

Budsjettet 2022:

Mobilitet og kollektiv:

I 2022 bør ein starte opp med ei evaluering av seiviceskyssen, hent med i Odda, servicelinja i Bergen og andre spesielle tiltak for eldre m.v. Evalueringa må munne ut i eit framlegg til framtidige skyssordningen i Vestland innafor dette feltet. Det bør setjast av nødvendige midler til ei slik brei evaluering.

Innfrastuktur og veg:

Midlar til vedlikehald av fylkeskommunale vegar og fortau/gangvegar og fjerning av flaskehalsar og rassikring må aukast monaleg.

Løyvingar til bygging av nye gang og sykkelvegar må også aukast for å ivareta folkehelseforpliktelsane.

Skal ein nokon gong komme ajour med det store etterslepet må det fleire midler til.

Politisk styring:

Vi har registrert at løyvinga til rådet har gått ned frå kr. 520.00 i 2021 til kr. 490.000 på budsjettframlegget. I 2022 ligg det føre følgjande planar:

Landskonferanse for fylkeseldreråd i Kristiansand, Vestlandskonferanse i Rogaland. I tillegg har rådet planar om å ha ei samling for kommunale eldreråd i Vestland i første halvår 2022. Vi reknar med at 2022 vert eit tilnærma normalår med fleire fysiske møte enn i 2021. Dei digitale møta i rådet har ikkje alltid gått greit. Ein del har hatt problem med å koble seg på og vere med heile tida. Kva årsaka er veit vi ikkje med ustabile nett kan vere ei årsak.

Med dette som utgangspunkt ber vi om at løyving til rådet vert auka til Kr. 520.000.

Opplæring:

Rådet meiner at vi må auke opplæringskapasiteten i vidaregåande skule når det gjeld plassar for helsefagarbeidar. Vi kjenner til dei demografiske endringane og vi må starte no for å vere best mogeleg rusta for framtida.

Vi registrer at løyvingane til Tannhelse og Den kulturelle spaserstokken er omlag uendra frå tidlegare.

Tannhelsa er viktig for den enkelte sin totale helsetilstand, og vi trur det burde vere meir oppfølging av dei eldre.

Vi er klar over at løyvingane til den kulturelle spaserstokken kjem som øyremerka løyving frå staten. Kanskje kunne fylkeskommunene forsterke med ekstra løyving. Vi ser av søkarmassen at det er gode tiltak som ikkje får løyving no. Med det utgangspunktet vi har etter koronanedstenging m.v. så vil det vere eit godt tiltak.

Når det gjeld kulturtiltak er rådet opptatt av at det vert oppretta gode møteplassar rundt om i Vestland fylke.

Økonomiplan 2022 - 2025.

I økonomiplanen må ein vri pengebruken meir over på vedlikehald/utbetring av flaskehalsar/rassikring på fylkesvegane og om nødvendig, for å få dette til, bruke mindre på nybygging av veg. Meir bygging av gang-/sykkelveg langs eksisterane fylkesvegar. Bygg ein nye veg må gang-/sykkelveg byggast samstundes.

Auka tal skuleplassar for utdanning av helsefagarbeidarar.

Eit aldersvenleg fylke og gode transportordningar, universelt utforma, for eldre må ha høg prioritet.»

Martin Monrad Reigstad sette fram slikt forslag:

«Den kulturelle spaserstokken kr 3 980 000 - Den kulturelle spaserstokken har ikkje vore regulert i budsjettet til Vestland fylkeskommune fra opprettelsen i 2020. Tre år uten økning, og har reelt fått redusert verdi. Fylkeseldrerådet synast at dette er svært uheldig, Fylkeseldrerådet vil at summen økes i 2022-budsjettet.»

Martin Monrad Reigstad sette fram slikt forslag:

«Vedrørende kollektivbudsjettet side 163 - Takstar sone 1 (A) Fylkeseldrerådet er sterkt uenig i at det er innført straffegebyr for kontantbetaling kun i denne sonen. Og at det må utgå, dette vil i hovedsak ramme eldre reisende som har problemer med app og data. Fylkeseldrerådet vil be om at dette blir fjernet i budsjettet for 2022.»

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«Budsjettet for tannhelse må økes med de millionene som kommer via Statsbudsjettet. Pensjonister må få orientering om de mulighetene en har for å bruke den fylkeskommunale tannhelsetjenesten.»

Gunvor Riim Opedal sette fram slikt forslag:

«Det må settes av tilstrekkelige midler slik at elever på yrkesfag får relevante undervisningstilbud tilpassa lokale behov.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Reigstad sitt forslag (1) vart samrøystes vedteke.

Reigstad sitt forslag (2) vart samrøystes vedteke.

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Riim Opedal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet har gått gjennom budsjettet for 2022 og økonomiplanen 2022 - 2025 og vil gje slik uttale:

Budsjettet 2022:

Mobilitet og kollektiv:

I 2022 bør ein starte opp med ei evaluering av serviceskyssen, hent meg i Odda, servicelinja i Bergen og andre spesielle tiltak for eldre m.v. Evalueringa må munne ut i eit framlegg til framtidige skyssordningar i Vestland innafor dette feltet. Det bør setjast av nødvendige midlar til ei slik brei evaluering.

Vedrørande kollektivbudsjettet side 163 - Takstar sone 1 (A) er fylkeseldrerådet sterkt ueinig i at det er innført straffegebyr for kontantbetaling kun i denne sona. Og at det må utgå, dette vil i hovudsak ramme eldre reisande som har problem med app og data. Fylkeseldrerådet vil be om at dette blir fjerna i budsjettet for 2022.

Infrastruktur og veg:

Midlar til vedlikehald av fylkeskommunale vegar og fortau/gangvegar og fjerning av flaskehalsar og rassikring må aukast monaleg.

Løyvingar til bygging av nye gang- og sykkelvegar må også aukast for å ivareta folkehelseforpliktelsane.

Skal ein nokon gong komme ajour med det store etterslepet må det fleire midlar til.

Politisk styring:

Vi har registrert at løyvinga til rådet har gått ned frå kr. 520.000 i 2021 til kr. 490.000 på budsjettframlegget. I 2022 ligg det føre følgjande planar:

Landskonferanse for fylkeseldreråd i Kristiansand, Vestlandskonferanse i Rogaland. I tillegg har rådet planar om å ha ei samling for kommunale eldreråd i Vestland i første halvår 2022. Vi reknar med at 2022 vert eit tilnærma normalår med fleire fysiske møte enn i 2021. Dei digitale møta i rådet har ikkje alltid gått greitt. Ein del har hatt problem med å kople seg på og vere med heile tida. Kva årsaka er veit vi ikkje med ustabile nett kan vere ei årsak.

Med dette som utgangspunkt ber vi om at løyving til rådet vert auka til kr. 520.000.

Opplæring:

Rådet meiner at vi må auke opplæringskapasiteten i vidaregåande skule når det gjeld plassar for helsefagarbeidar. Vi kjenner til dei demografiske endringane og vi må starte no for å vere best mogeleg rusta for framtida.

Det må settast av tilstrekkelege midlar slik at elever på yrkesfag får relevante undervisningstilbod tilpassa lokale behov.

Vi registrer at løyvingane til Tannhelse og Den kulturelle spaserstokken er omlag uendra frå tidlegare.

Tannhelsa er viktig for den enkelte sin totale helsetilstand, og vi trur det burde vere meir oppfølging av dei eldre. Budsjettet for tannhelse må aukast med dei millionane som kjem via Statsbudsjettet. Pensjonistar må få orientering om dei moglegheitene ein har for å bruke den fylkeskommunale tannhelsetenesta.

Den kulturelle spaserstokken kr 3 980 000 - Den kulturelle spaserstokken har ikkje vore regulert i budsjettet til Vestland fylkeskommune frå opprettinga i 2020. Tre år utan aukiing, og har reelt fått redusert verdi. Fylkeseldrerådet synast at dette er svært uheldig. Fylkeseldrerådet vil at summen aukast i 2022-budsjettet. Vi er klar over at løyvingane til den kulturelle spaserstokken kjem som øyremerka løyving frå staten. Vi ser av søkarmassen at det er gode tiltak som ikkje får løyving no. Med det utgangspunktet vi har etter koronanedstenging m.v. så vil det vere eit godt tiltak.

Når det gjeld kulturtiltak er rådet opptatt av at det vert oppretta gode møteplassar rundt om i Vestland fylke.

Økonomiplan 2022 - 2025.

I økonomiplanen må ein vri pengebruken meir over på vedlikehald/utbetring av flaskehalsar/rassikring på fylkesvegane og om nødvendig, for å få dette til, bruke mindre på nybygging av veg. Meir bygging av gang-/sykkelveg langs eksisterande fylkesvegar. Bygg ein nye vegar må gang-/sykkelveg byggast samstundes.

Auka tal skuleplassar for utdanning av helsefagarbeidarar.

Eit aldersvenleg fylke og gode transportordningar, universelt utforma, for eldre må ha høg prioritet.

PS 38/21 Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana

Forslag til vedtak.

1. Medverknadsorgana gjev følgjande uttale til handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025:

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at handlingsprogrammet gjev eit godt grunnlag for folkehelsearbeidet i Vestland fylkeskommune i åra 2022 - 2025. Vi vil kome med følgjande tillegg:

Fylkeseldrerådet er opptatt av at Leve heile livet og Eit aldersvenleg samfunn vert lagt til grunn i all planlegging. For å ha eit forsvarleg grunnlag i å takle omsorg for dei eldre i komande år er det viktig at dei frivillige stiller opp.

Rådet meiner at fylkeskommunen må påvirke kommunane for å få dei til å lage ein frivilligstrategi for kommunen. Ein slik plan må utarbeidast i samråd med dei frivillige organisasjonane. Fylkeskommunen må også auke elevplassar for å utdanne fleire helsefagarbeidarar. Ein må også påvirke Staten for å få dei til å auke sjukepleieutdanninga.

Det bør også prøvast ein modell for desentralisert sjukepleieutdanning. Vi har også bruk for våre nye landsmenn i eldreomsorga. Fylkeskommunen må påvirke til at det vert ein meir smidig modell for å få godkjend utdanning, og legge til rette for utdanning for dei av våre nye landsmenn som har eller ønsker helsefagleg utdanning frå heimlandet.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at handlingsprogrammet gjev eit godt grunnlag for folkehelsearbeidet i Vestland fylkeskommune i åra 2022 - 2025. Vi vil kome med følgjande tillegg:

Fylkeseldrerådet er opptatt av at Leve heile livet og Eit aldersvenleg samfunn vert lagt til grunn i all planlegging. For å ha eit forsvarleg grunnlag i å takle omsorg for dei eldre i komande år er det viktig at dei frivillige stiller opp.

Rådet meiner at fylkeskommunen må påverke kommunane for å få dei til å lage ein frivilligstrategi for kommunen. Ein slik plan må utarbeidast i samråd med dei frivillige organisasjonane.

Fylkeskommunen må også auke elevplassar for å utdanne fleire helsefagarbeidarar. Ein må også påverke Staten for å få dei til å auke sjukepleieutdanninga.

Det bør også prøvast ein modell for desentralisert sjukepleieutdanning. Vi har også bruk for våre nye landsmenn i eldreomsorga. Fylkeskommunen må påverke til at det vert ein meir smidig modell for å få godkjend utdanning, og legge til rette for utdanning for dei av våre nye landsmenn som har eller ønsker helsefagleg utdanning frå heimlandet.

PS 39/21 Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet gir følgjande uttale:

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«HANDLINGSPLAN 2022 - AVDELING KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at handlingsplanen 2022 for avdeling Kultur, idrett og inkludering gjev eit godt grunnlag for kultursektoren i Vestland fylkeskommune i 2022.

Vi vil kome med følgjande tillegg:

Under 1. Overbyggande tiltak bør følgjande leggest til:

Det må utviklast gode møteplassar for alle aldersgrupper i alle kommunar i Vestland.

Under 2. Områdevise tiltak:

Fylkeskommunen må halde kontakt med sentrale myndigheiter for å gjere kjend korleis oppslutninga er om Den kulturelle spaserstokken og kor stor søknad der er frå kommunane.

Gjennom det må ein forsøke å få opp løyvingane til dette tiltaket.

Det er viktig med ein god frivilligstrategi i kommunane. Vi veit at det er svært få kommunar som har utarbeid ein slik strategi. Fylkeskommunen bør påvirke kommunane for å få dei til å utvikle ein slik strategi, i samarbeid med dei frivillige organisasjonane i kommunen.

Underpunktet om kartlegging av friluftsområde bør ein også få kommunane til å skilte området godt.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå fylkeseldrerådet

HANDLINGSPLAN 2022 - AVDELING KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at handlingsplanen 2022 for avdeling Kultur, idrett og inkludering gjev eit godt grunnlag for kultursektoren i Vestland fylkeskommune i 2022.

Vi vil kome med følgjande tillegg:

Under 1. Overbyggande tiltak bør følgjande leggest til:

Det må utviklast gode møteplassar for alle aldersgrupper i alle kommunar i Vestland.

Under 2. Områdevise tiltak:

Fylkeskommunen må halde kontakt med sentrale myndigheiter for å gjere kjend korleis oppslutninga er om Den kulturelle spaserstokken og kor stor søknad der er frå kommunane.

Gjennom det må ein forsøke å få opp løyvingane til dette tiltaket.

Det er viktig med ein god frivilligstrategi i kommunane. Vi veit at det er svært få kommunar som har utarbeid ein slik strategi. Fylkeskommunen bør påvirke kommunane for å få dei til å utvikle ein slik strategi, i samarbeid med dei frivillige organisasjonane i kommunen.

Underpunktet om kartlegging av friluftsområde bør ein også få kommunane til å skilte området godt

PS 40/21 Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet gir slik uttale:

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 09.12.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet støtter innstillinga og tek saka til vitande.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet støtter innstillinga og tek saka til vitande.